



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

MIDT-TELEMARK KOMMUNE
Bøgata 67
3800 BØ I TELEMARK

Seksjon for samfunn og plan

Vår dato: 16.05.2022
Deres dato: 21.03.2022
Vår referanse: 22/15542-2
Deres referanse:
Vår saksbehandler: Kjersti Jacobsen

Uttale - Varsel om oppstart av planarbeidet - samt offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 -Midt-Telemark kommune

Vestfold og Telemark fylkeskommune syner til brev datert 23.03.2022 til varsel om oppstart av reguleringsplan for Kommunedelplan for Lifjell i Midt-Telemark kommune. Frist for uttale er satt til 19.05.2022

Planarbeidet sin hensikt og bakgrunn

Føremålet med planarbeidet er i samsvar med kommunal planstrategi for 2020-2023 og er ei oppfølging av arbeidet med kommunedelplanen for delar av Lifjell-området. Ny kommunedelplan vil erstatte gjeldande. Fokuset er retta mot arealbruksutfordringane med bakgrunn i visjonen "Vi skaper framtida saman "

Planprogrammet fastset rammene for planarbeidet og omtaler plantema, medverknad, tema for utgreiingar, framdrift osv.

Planen er blitt drøfta i regionalt planforum 27.04.2022.

Fylkeskommunen sine roller og ansvar

Vestfold og Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslovens § 5-2. Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og som planfagleg rettleiar. Fylkeskommunen sin uttale blir gjeve med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelt i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune har inngådd ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen seier at fylkeskommunen tar i vare barn og unges interesser i reguleringsplanar, også på vegne av Statsforvaltaren. Avtalen begrensar ikkje Statsforvaltaren sin rett til å fremme motsegn.

Fylkeskommunen sin vurdering

Vestfold og Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foyns gate 9, Tønsberg

Sentralbord:
35 91 70 00
post@vtfk.no

Org. no.:
821 227 062

vtfk.no



planforslaget som gjeld våre ansvarsområde:

Regionale planar

Regional plan for samordna areal- og transport for Telemark 2015-25

I kap 8 Retningslinjer og føresegner - 8.1 Retningslinjer – fremgår:

«Bygging av fritidsbustader skal fortrinnsvis skje ved fortetting i eksisterande område for fritidsbustader og styrke eksisterande sentra og/eller destinasjonar».

I så måte synest formålet med planforslaget å vera i tråd med intensjonen i ATP-Telemark.

Born- og unge

Omsynet til born og unge er sterkt forankra i lovverket og nasjonale retningslinjer, jfr. plan- og bygningslova §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og unge pkt. 4 og 5 samt forvaltningslova § 17.

Sjølv om det ikkje er krav til leikeplassar i samband med hytteutbygging, bør interessene til born og unge bli greidde ut. Når det blir lagt opp til tett utbygging er det svært viktig at det blir lagt til rette for gode fellesareal for opphald, møteplassar og areal for leik og utfolding. Det vidare planarbeidet må leggja særleg vekt på trafikksikre løysingar, og gode gong- og sykkelløysingar.

I både planprogrammet og planforum kjem det frem at kommunen er opptatt av å vurdere kvalitetane på området for born og unge. Det er svært bra at det er ønskeleg med eit lågterskeltilbod som tek vare på nærfriluftslivsinteresser for desse i planen sin sentrumsdel.

Samferdsel

I høve til samferdsel er fylkeskommunens interesser i kommunedelplanarbeidet knytt til fv. 3332, Lifjellvegen som er tilkomstveg til planområdet. Vidare utvikling i området vil føra til auke i trafikken og det vert da viktig at ein i kommunedelplanen set rammar for utviklinga som sikrar trafikktryggleiken og funksjonalitet i vegnettet. I planarbeidet bør det og gjerast ei vurdering av behov for parkering i forhold til aktiviteten som planleggjast og sette av tilstrekkeleg areal til dette. I gjeldande kommunedelplan er det i § 1.4 eit forbod mot nye enkeltavkøyrslar langs fv. 3332. Vi legg til grunn at denne føresegna vert vidareført i ny plan.

I planprogrammet er ikkje trafikk og trafikktryggleik særskild omtala. Innan planområdet er det eit stort tal fritidsbustadar og området er også mykje brukt som utfartsområde for dagsturistar. Samla sett vert det mykje aktivitet i form av biltrafikk, folk som går tur til fots og på ski, syklistar m.v. I planarbeidet bør ein gjere ei vurdering av korleis dei ulike aktivitetane vert lokalisert og planlegge stiar, vegar, løyper slik at trafikktryggleiken vert teke vare på. Ein må unngå at det planleggjast for at skiløyper skal kryssa fylkesvegen i plan. Skiløyper som kryssar fylkesvegen må planleggjast planfritt.

Plankrav/krav til detaljreguleringar

I føresegner for plankrav til nye områder som skal detaljregulerast må det settast krav til at ein ved utarbeiding av reguleringsplanar i størst mogleg grad ryddar opp i eksisterande avkøyrslar og parkeringslommer langs fylkesvegen. Det må og stillast krav til at nye kryss og andre tiltak mot



fylkesvegen må planleggjast i tråd med normalar gitt i Handbok N100, veg- og gateutforming.

Klima og energi

Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane vektlegg arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, inkludert utslepp frå arealbruksendringar, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging (Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023). Med referanse til kommunedelplanar for klima og energi for Bø og Sauherad kommunar (2010-2020) og gjeldande regional klimaplan for Telemark (2019-2026), oppmodar vi til å ta inn reduksjon i klimagassutslepp som eit tydeleg tema i reguleringsplanen. Den planlagde vurderinga av moglegheiter for å setja krav til miljøvennlege energikjelder og energieffektive bygg, fell inn under dette temaet. Klimavennleg materialbruk og tilrettelegging for ladepunkt for el-biler er dømer på andre tiltak som kan vurderast. Klimaomsyna bør inkluderast i reguleringsføresegnene. Vi tilrår å setje krav til miljøsertifiserte leverandørar av varer og tenester, samt lavt klimafotavtrykk for heile leveransen ved innkjøp av byggeprosjektet.

Planprogrammet listar kartleggingsbehovet innan klimatilpassing. Det er positivt at kartlegging av klimaprognosar, flaumvegar og myrområde skal ligge til grunn for planen, saman med den overordna ROS-analysen for kommunen. Klimapåslag bør tas inn i ROS-analysen dersom det ikkje allereie er inkludert. Den regionale klimaplanen har ein strategi for økt karbonbinding i jord, som inneber å ta særskild vare på – og unngå nedbygging av myrområde. Vi tilrår derfor at hytter og infrastruktur i reguleringsplanen leggjast utanfor områder med myr. Forsking viser at beitedyr òg kan bidra positivt til karbonlagring i jord.

Kulturarv

Automatisk freda kulturminne (AFK)

Det er forventa at det finnes ikkje kjente AFK innafor områda i kommunedelplanen, då store område ikkje er systematisk registrert. Fylkeskommunen har av denne grunn ikkje grunnlagsmateriale for å vurdere om foreslått arealdisponering vil inneberer konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi må derfor presisere at vi ved vårt fråsegn ikkje kan si oss samd i arealbruken i kommunedelplanen, jf. Kulturminnelova § 8 4. ledd.

Dette inneber at kommunedelplanens arealdel ikkje har direkte rettsverknad for AFK, noko som kan få følgjer for områder som leggast ut som byggeområder. Arealbruken vil først bli avklara når dei enkelte reguleringsplanar sendast fylkeskommunen som sektormyndede for kulturminnevern. Av dette følger også at kulturminnemynda må vere høyringsinstans når det gjeld tiltak i LNF-områda, jf. sektorane vilt/miljø og landbruk.

Dersom kommunen ønsker å få avklart forholdet til AFK i kommuneplanens arealdel, må dette tas opp med regional kulturminneforvaltning. Kommunen må koste de undersøkingane som er nødvendige for å kunne vurdere om utbygging kjem i konflikt med AFK, jf. Kulturminnelova § 10.

Kulturminna i nyare tid, dvs frå etter 1536.

Innafor planområdet, i nordaustre del, er det fleire eldre setrar med gjenværande seterbygningar. Det bør vera ein del av planarbeidet at ein ser på deira verneverdi, og om det framleis finst gammalt seterlandskap bevart o.l.. Det kan òg vera gamle veifar i området som ein bør kartlegga. Vi framhevar at dette først og



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

fremst er kulturminne/miljø med lokal verdi. Stadens historie gir område særpreg og gir tidsdjupne i landskapet. Kulturminna er viktige både for identiteten til staden og for opplevingar. Dette er ein av dei faktorane som gjer stader attraktive. Dersom kommunen ser på at desse seterområda skal takast vidare for framtidige generasjonar kan dei få avgjerder om bevaring i kommunedelplanen. Merk at bevaring ikkje hindrar ny bruk, men sikrar at bygningane ikkje kan fjernast eller at området blir endra for mykje. For å kunna utarbeida avgjerder til kulturmiljø i ein kommunedelplan må områda merkast på kartet og givast namn eller nr. Dernest kan ein i ei generell avgjerd etter pbl § 11-9, nr 7 nemna desse område særskilt og utarbeida avgjerder som hindrar riving og sikrar områda for framtida. Kommunen kan kontakta Kulturarv for å få døme på avgjerder.

Landskap

Ettersom Noreg har slutta seg til den Europeiske landskapskonvensjonen har vi plikt til å fremme vern, forvaltning og planlegging av landskap.

I planforum vart det peikt på at tregrensa ligg på ca. 700 m.o.h. Ein nasjonal praksis har vore at ein ikkje skal bygge i sårbart terreng som kan gje silhuett-, dominerande nær- og fjernverknad eller planleggje nye inngrep over tregrensa. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 går det frem at fylkeskommunane og kommunane skal vise omsyn til mellom anna viktig naturmangfald, friluftslivsområde kulturmiljø og landskap i planlegginga.

Langsiktige utbyggingsgrenser er eit grep som kan underbyggje dei kvalitetane ein ønskjer å oppretthalde, slik som landskap, sårbare randsoner og tilbod for det nære friluftslivet. Å tøyse grensa vil gje lite føreseieleg situasjon for eksisterande fritidsbustader nær randsoner eller høgdedrag, og vil gjerne opne for same praksis andre stader.

Områda over tregrensa ved fritidsbustader og alpinanlegg er fellesgode for nærturane og opplevinga av å vere i fjellet. Av den grunn tilrår vi streng byggegrense mot snaufjellet og høgdedraga i det nære landskapsrommet.

Kommunen registrerer eit aukande tal førespurnader relatert til lysforureining i planområdet. Det er svært positivt at kommunen ønskjer å finne ut av korleis dette kan avgrensast med førebyggjande tiltak i ein planprosess.

Avslutningsvis

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ut i frå regionale og nasjonale interesser, ingen ytterlegare kommentarar til varsel om oppstart av planarbeid.

Med vennleg helsing

Gerd- Louise Wessel
plankoordinator

Kjersti Jacobsen
rådgjevar

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foyngate 9, Tønsberg

Sentralbord:
35 91 70 00
post@vtfk.no

Org. no.:
821 227 062

vtfk.no



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Saksbehandlere

Gerd-Louise Wessel - koordinering/planfaglig	tlf. 924 07 389	e-post: gerdlouise.wessel@vtfk.no
Kjersti Jacobsen – planfaglig	tlf. 995 73 455	e-post: kjersti.jacobsen1@vtfk.no
Tore Nordvik – samferdsel	tlf. 415 72 657	e-post: tore.nordvik@vtfk.no
Siv Abrahamsen - nyere tids kulturminner	tlf. 477 59 461	e-post: siv.abrahamsen@vtfk.no
Anja Nordvik Sætre - automatisk freda kulturminner	tlf. 912 40 613	e-post: anja.nordvik.setre@vtfk.no
Marianne Haukås – klima og Miljø	tlf. 975 05 845	e-post: marianne.haukaas@vtfk.no
Mariann Trondsdatter -Hansen – samferdsel/strategi		e-post mariann.forsund.hansen@vtfk.no

Kjersti Jacobsen

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
MIDT-TELEMARK KOMMUNE		Bøgata 67	3800 BØ I TELEMARK

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
STATENS VEGVESEN		Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK		Postboks 2076	3103 TØNSBERG

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foymsgate 9, Tønsberg

Sentralbord:
35 91 70 00
post@vtfk.no

Org. no.:
821 227 062

vtfk.no